



**Idag frå klokka 10 til 14 må vassforsyninga stengjast i Korsnes nord av omsyn til arbeidet med den store overvassleidningen som no pågår. Det er Dimmelsvik Entreprenør som har jobben og leidningen nedanfor fylkesvegen får ein dimensjon på 80 centimeter.**



Vassverkleiar Hans Reidar Kjærland må stengja 4 timer på Korsnes

Det må både gravast og sprengjast og vassleidningen som også går gjennom området vert utsett for eit kraftig trykk.

For at denne ikkje skal skadast finn dei det betryggjande å kutta ut vassforsyninga i det aktuelle tidsrom, held vassverkleiar hans Reidar Kjærland fram.

Dei som ikkje får vatn i dei 4 timane bur lengst nede i leidningstraseen der biletet over er teke..

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen